



Kyrkjerådet  
Oslo

Dalen, 13.12.2018

## Melding om vedtak

### Samrøystes vedtak i Tokke kyrkjelege fellesråd, sak 18/18 Høyringssvar – kyrkjeordning for Den norske kyrkja:

Innleiingsvis takkar vi for høvet til å gje uttale før ny kyrkjeordning vert fastsett. Som ei generell innvending til høyringa, spør vi oss om dette er rett tidspunkt for å gjennomføre ei høyring, då ein ventar på lovfesta rammer for trus- og livssynssamfunna, som vil verte regulerte i ny lov om trus- og livssynssamfunn, som mellom anna vil setje dei økonomiske rammene for Den norske kyrkja og vonleg sikre soknet sitt sjølvstende (som eige rettssubjekt) og såleis vert gitt rettsleg handlingsrom for å halde fram å ivareta arbeidsgivaransvar. Vi er positive til at i dette stadiet i prosessen med etablering av ny kyrkjeordning ikkje vert lagt fram vesentlege endringsforslag i høve til gjeldande ordning (kyrkjelov), men at realitetsendringar vert neste steg i prosessen. Vi er særleg positive til at oppgåver og ansvarsområde for soknet sine organ i hovudsak vert vidareførte frå gjeldande kyrkjelov.

Framlegg til innspel.

Til kapittel 1 (§§ 1-8):

Vi stiller oss positive til at det vert etablert bestemmingar, eller eit læregrunnlag for Den norske kyrkja, som krev 2/3 fleirtal i Kyrkjemøtet for å kunne endrast.

Vi saknar likevel ei regelfesta bestemming om føremål for Den norske kyrkja, som vert teke inn i ein ny § 1 som tilsvara § 1 dagens kyrkjelov:

§ 1 Formål med ordninga

*«Formålet med ordninga er å legge forholdene til rette for et aktivt engasjement og en stadig fornyelse i den evangelisk-lutherske folkekirke i Norge.»*

Kapittel 1 bør avgrensast, spesielt knytt til § 50 om 2/3 fleirtal for endring. Denne aktuelle paragraf bør leggast inn under kapittel 1 slik at kyrkjemøtet ikkje kan vedta endringar av endringsreglar, for så å gjere vedtak om grunnleggjande endringar i kapittel 1.

Til § 5 Om tenestefellesskapet.

Paragrafen strykast. Framlegget snarare svekker enn styrker tanken om eit tenestefellesskap av medarbeidarar. Eit skilje mellom ikkje-vigsla og vigsla medarbeidarar, i form av opplistinga i framlegget, er kunstig med utgangspunkt i tanken om eit tenestefellesskap.

Til § 6 Organisering av Den norske kyrkja.

Vi ønskjer å sikre at styring og leiing av Den norske kyrkja skjer med utgangspunkt i demokratiske prinsipp på alle nivå. Med framlegg til § 6, 3. ledd vil dette kunne verte svekka. Å sikre medverknad frå prestelinja er viktig og ny paragraf § 6 kan få slik ordlyd:

*«Styring og ledelse av Den norske kirke bygger på demokratiske prinsipper og skal på alle nivåer være forankret i demokratisk valgte styringsorganer. Valgte styringsorganer med personal- og forvaltningsansvar skal ha en daglig leder som står ansvarlig overfor disse.*

*Hvert sokn skal være sikret en ordnet tjeneste med Ord og sakrament (prestetjeneste) og står under tilsyn av biskopen i det bispedømmet soknet hører til. Prestetjenesten er representert i de valgte styringsorganer etter nærmere regler fastsatt av Kirkemøtet.»*

Til kapittel 2 (§§ 9-14):

§ 9, 1. ledd. synest noko uklar.

Vi er usikre på kva som ligg i nemninga «administrativ ramme». Her bør soknet sitt sjølvstende og som grunnleggjande eining komme tydelegare fram.

Til § 11 fjerde ledd.

Prest vert erstatta av «kirkebokfører», då kyrkjebokførar, og ikkje prest er registeransvarleg for kyrkjebokføring.

Til kapittel 3 (§§ 15-26):

Kapittel 3. §15, første ledd er spesielt viktig dersom ikkje ny trussamfunnslov lovfestar kyrkjeleg fellesråd som fellesorgan for sokneråd i en kommune. I andre ledd opnast det for eit felles sokneråd innanfor en og same kommune. Det felles soknerådet og fellesrådet bør i så fall i størst mogleg grad være samanfallande, eventuelt utan kommunens representant ved handsaming av soknerådssaker. Tokke kyrkjelege fellesråd støtter at gjeldande oppgåvefordeling mellom fellesråd og sokneråd vidareførast.

Til kapittel 4 (§§ 27-31):

Tokke kyrkjelege fellesråd har ingen merknader, og støtter forslaget.

Til kapittel 5 (§§ 32-44):

Når det gjeld bispedømeråd og kyrkjemøtet det ein svakhet i dagens kyrkjelege organisering at det ikkje er ein betre samanheng mellom dei som er vald lokalt og sit i sokneråd og dei valde medlemmar som sit i regionale og sentrale råd. Kyrkjemøtet kunne t.d. hatt prostivis medlemmar slik at by og bygd vart betre representert. Dagens valordning tek ikkje omsyn til og sikrar valde medlem som kjenner dei utfordringane lokalkyrkja har i kvardagen. Tokke kyrkjelege fellesråd reknar med at dette må være eit mål for Kyrkerådet at bispedømeråd og kyrkjemøte vert meir representative i høve til lokalkyrkja der dagleg kyrkjeleg arbeid skjer.

Til § 39 andre ledd.

Her vert føreslege eit nytt første punktum som ikkje er utgreidd. Endringar i Bispekontoret sin funksjon og myndeområde tilrår vi vert utsett. Dagens ordning sikrar den einskilde biskop sjølvstende i sine tenesteoppgåver, jf. også femte ledd i same paragraf i framlegget. Dagens § 26 i kyrkjelova vidareførast

*«Bispekontoret består av samtlige tjenestegjørende biskoper.*

*Bispekontoret virker for samordning av de gjøremål som etter gjeldende regler tilligger biskopene og utfører for øvrig de gjøremål som til enhver tid er pålagt ved bestemmelse av Kirkemøtet. Det avgir uttalelse i saker som det blir forelagt av Kirkemøtet.*

*Kirkemøtet gir nærmere bestemmelser for motene.»*

Til kapittel 6 (§§ 45-50):

Til § 47 andre ledd.

Framlegget om å kunne krevje medlemsskap i Den norske kyrkja er snevert. Ikkje berre dei som har stillingar som inneheld ansvar for kyrkja si lære bør kunne krevjast medlemsskap for. Tokke kyrkjelege fellesråd ynskjer ei justering og innskjerping her i forhold til framlegget:

*«Ved tilsetting i kirkelige stillinger som inneholder et ansvar for å som er av betydning for å virkeliggjøre Den norske kirkes formål (jf. § 1), skal tilsettingsmyndigheten oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke i tråd med adgangen til dette i lov 16. juni 2017 nr. 51 om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og*

*diskrimineringsloven) § 9. Biskopen kan gi dispensasjon fra plikten til å oppstille krav om medlemskap i Den norske kirke etter samme bestemmelse.»*

Bjørnar Christensen /sign./

Kyrkjeverja i Tokke